



SUNNHORDLAND INTERKOMMUNALE INNKJØPSFORUM
BØMLO, FITJAR, KVINNHERAD, STORD OG TYSNES

Kommunar i Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum
ved rådmann

29.08.2017

Budsjett 2018 Sunnhordland interkommunale innkjøpsforum

Kommunane har inngått forpliktande samarbeid på innkjøp med kostnadsfordeling etter innbyggjartal.

Stord kommune har tilsett felles interkommunal innkjøpssjef, og frå august 2017 tilsett innkjøpskonsulent i 100 % stilling. Stord kommune dekker 20 % av lønskostnadane til innkjøpssjef, før fordeling av utgiftene til kommunane. 40% av innkjøpskonsulent er tenkt finansiert med sal av timar til investeringsprosjekt i enkelt kommunar. Ordninga vert elles driven etter vertskommuneprinsippet, organisert etter kommunelova § 28b om administrativt vertskommunesamarbeid.

Felles e-handelsressurs for 20 kommunar i Sunnhordland, på Haugalandet og i Hardanger er ikkje kostnads- eller inntektsført i Sunnhordland innkjøpsforum sitt driftsbudsjett for 2018.

Kommunane som deltek i ordninga må vidareføre auka bidrag til stillinga, inkl. administrasjon av ordninga, i sitt budsjett.

Konto «andre konsulenttenester» er vidareført med kr 100 000 i 2018. Dette skal ev. nyttast til advokat-/ konsulentbistand om det vert behov for det i ev. klagesaker handsama av klagenemda for offentlege anskaffingar. Førebyggjande vil ein òg, i enkelt saker, be om juridisk vurdering av konkurransegrunnlag før utlysing.

Med planlagt aktivitet som skildra, vert kostnadane som oppført i tabell under.
Ein bed derfor om at kommunane tek høgde for dette i budsjetteringa for 2018.

Lønnsutgifter inkl sos.utg. 20% av innkjøpssjef Stord kommune	1 520 921			
Sum lønn til fordeling	183 313		183 313	
Andre driftsutgifter	1 337 608			
Inntekter	390 481			
Sum utgifter til fordeling	-130 000			
	1 598 089	1 598 089		
Fordeling av utgiftene				
Kommune innbyggjartal 1999	Innbyggjartal	Fordelt sum		Sum Stord
Sum Stord kommune	16 071	561 522	183 313	744 835
Sum Tysnes kommune	2 805	98 007		
Sum Fitjar kommune	2 962	103 492		
Sum Kvinnherad kommune	13 206	461 419		
Sum Bømlo kommune	10 694	373 649		
Sum	45 738	1 598 089		